

# FORELDREINFO MAI 2023



## FAU/SU/SMU

FAU gjennomførte årsmøte 2.mai.

Bertha L. Røed snakka om den gode samtalen, og det å vera nysgjerrige på kvarandre. Fleire fekk med seg FuelBox heim, men gode samtalestartarar.

Ein kjekk kveld for dei som var der.

Valnemda hadde ikkje klart å fina ny kandidat til FAU-leiarvervet. Ta kontakt med Marlen Allen om dette er noko du kunne tenkt deg.

## 17.mai

Veldig kjekt at så mange gjekk under skulefana på 17.mai og feira i lag med klassen sin. Takk til elevane som sprang skulen inn til stafettsiger for andre året på rad - ein fin og inkluderande gjeng! Og takk til Terje Versland som bar skulefana i sterk vind!

## Mobilbruk

Skulen ser at fleire og fleire elevar tek med seg mobil på skulen. Me minner derfor om reglane som gjeld:

### Barneskulen:

Mobilen skal ikkje vera med på skulen. Om dei må ha han med skal heimen sende melding om dette i visma

### Ungdomsskulen:

Om mobilen er med skal han leverast inn i mobilskapet om morgonen. Dersom ikkje dette skjer vil det føra til merknad.

Elevane har godt av å vera fri frå mobilen dei timane dei er i lag. Det blir for freistande å finna han fram om dei har han tilgjengeleg, dette går ut over måten dei er i lag på. Ber om hjelp frå dykk føresette for å ta avgjera for elevane om at mobilen kan ligga att heime, det er vanskeleg for barnet/ungdommen sjølv å ta den avgjerda..



I mai har skulen vore prega av nasjonalfargar, eksamen, turar, leirskule og planlegging til neste skuleår. Elevane på 7.trinn skal snart få vite kven dei kjem i klasse med til hausten, SFO-søknadar er behandla for neste skuleår og 6-åringane gler seg til førskuledag. Det er mykje spennande som venter!

No kjem det snart litt nye møblar i gangane på ungdomsskulen – dei håper me elevane vil trivast med og ta vare på. Me har hatt fokus på å rusta opp fellesområda på ungdomsskulen dei siste åra, og har villa laga mindre sitte-soner slik at elevane ikkje treng å vera alle på same plass. Det har hatt ein god effekt.

Ønsker dykk fine skuledagar fram mot siste skuledag 22.juni.

Mvh

*Svanhild Gjødrem*

rektor

## Minner om:

- Avslutningsfest for 10.trinn 21.06
- Avslutningsfest for 7.trinn 19.06.

Begge tilstelningar blir i gymsalen i år då hallen ikkje vil bli leigd ut til slike formål lenger. Invitasjon kjem.